

TILSYNS- RAPPORT

Høgskulen for grøn utvikling

Periodisk tilsyn med systematisk kvalitetsarbeid

2024



NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltningsorgan under Kunnskapsdepartementet.



NOKUT har eige styre og er fagleg uavhengig i dei oppgåvene som er definerte i universitets- og høgskulelova. I tillegg utfører vi forvaltingsoppgåver som er delegerte frå Kunnskapsdepartementet.



Føremålet med verksemda til NOKUT er å føre tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning, og å stimulere til kvalitetsutvikling som sikrar eit høgt internasjonalt nivå i utdanningstilboda ved institusjonane.



NOKUTs ambisjon er å sikre og bidra til å utvikle norsk utdanningskvalitet gjennom å vere eit framtidsretta og internasjonalt leiande kvalitetssikringsorgan for høgare utdanning og høgare yrkesfagleg utdanning.



NOKUT brukar sakkunnige i akkrediteringar, tilsyn, evalueringar og prosjekt.

Du kan lese meir om arbeidet vårt på nokut.no.



NOKUT er sertifisert som miljøfyrtårn

Institusjon	Høgskulen for grøn utvikling
Sakkunnige	June T. Gruer, Knut M. Mørken, Camilla S. Thorkildsen og Jonas Tosteby
NOKUT sitt saksnummer	23/01064
Dato for vedtak	12. desember 2024

© NOKUT Oppgi NOKUT som opphav ved bruk av materiale.

Føreord

NOKUT fører tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og skal bidra til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Dette gjer vi mellom anna gjennom å føre tilsyn med institusjonane sitt systematiske kvalitetsarbeid. Alle norske universitet og høgskular er pålagde å ha dokumenterte interne system for kvalitetssikring av utdanningane. Det skal ikkje gå meir enn åtte år mellom kvart tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved ein institusjon.

Denne tilsynsrapporten inneheld den sakkunnige komiteen si innstilling (kapittel 1–5) og Høgskulen for grøn utvikling si fråsegn til komiteen sine vurderingar (kapittel 6). Desse dokumenta var grunnlaget for handsaminga i NOKUT sitt styre 12. desember 2024, der følgjande vedtak vart fatta:

Styret merker seg at høgskulen tilsynelatande står på staden kvil i dei same utviklingsprosessane no som under tilsynet i 2019/20, og er svært bekymra for situasjonen ved høgskulen. Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling har vesentlege manglar. Høgskulen for grøn utvikling må rette opp i dei påpeikte manglane i universitets- og høgskulelova § 10-1 (3), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1), § 4-1 (3) og § 4-1 (4). Frist for oppretting er 12. desember 2025.

Den sakkunnige komiteen som har vurdert kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling, har hatt følgjande samansetjing:

- Knut Martin Mørken, studiedekan ved Universitetet i Oslo (komitéleiar)
- June Trengereid Gruer, student ved Universitetet i Bergen
- Camilla Sønstabø Thorkildsen, seksjonssjef ved Norges musikkhøgskole
- Jonas Tostebø, viserektor utdanning ved Högskolan Dalarna

Den sakkunnige komiteen har vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling på grunnlag av skriftleg dokumentasjon frå institusjonen og samtalar under institusjonsbesøket 6. og 7. juni 2024. Komiteen leverte si innstilling til NOKUT 28. oktober 2024.

Anne Karine Sørskår og Eva Refsdal har vore sakshandsamarar frå NOKUT i tilsynet. NOKUT ønskjer å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. NOKUT vil òg takke alle tilsette og studentar ved Høgskulen for grøn utvikling som har bidratt til komiteen sitt arbeid gjennom å dokumentere kvalitetsarbeidet og delta i samtalar under institusjonsbesøket.

Oslo, 12. desember 2024

Kristin Vinje

Abstract

The Norwegian National Agency for Quality Assurance in Education (NOKUT) was established in 2003 with the mandate to review both quality practices and the quality assurance work at the country's higher education institutions. NOKUT abides by the European Standards and Guidelines 2015 (ESG) which are operationalized in three pieces of national legislation: the central University and University College Act, the ministerial Quality Assurance Regulations and NOKUT's Academic Supervision Regulations.

The reviews are periodical in nature and each institution gets called upon every six to eight years. NOKUT appoints expert committees for these reviews who, in the first phase, examine targeted documentation from each institution, consisting of strategy, framework and implementation of internal quality assurance systems and systematic quality work. The second phase is a site visit where the committee interviews key stakeholders such as the leadership group, relevant faculty members, administrative staff and students. If the expert committee concludes that the institution falls short of the ESG criteria as operationalized in the laws and acts, i.e., non-compliant, NOKUT might limit the institution's accreditation rights.

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) is a private university college located in the south-west of Norway. It is organised as a foundation and financed by income from research assignments, tuition fees and state funding. HGUt offers a single bachelor's programme in innovation and regenerative development. HGUt also offers modules from the degree as individual courses with 30 or 60 ECTS. In the spring term of 2024, HGUt had approximately 30 registered students and five employees, including the rector. HGUt offers blended learning, and students can choose between physical attendance or attendance via Teams, and between full time and part time attendance.

NOKUT has conducted its fourth review of HGUt in 2024. The expert committee has concluded that HGUt's quality assurance practices are not compliant with the national regulations. To achieve full compliance, HGUt must 1) document its work with the student learning experience, such as student feedback and implementation and follow-up of measures, 2) document that it has conducted minimum one periodic review of its programme, 3) ensure a clearer strategic alignment of its quality work, so that it becomes a means to achieve the strategic objectives, and that all areas significant to students' learning outcomes are covered by the quality work 4) document satisfactory routines for the systematic control of its course portfolio in order to ensure compliance with the accreditation criteria for study programmes, and 5) systematise information retrieval from external sources, particularly from external peers and from the labour market, so that it receives a sufficient amount of relevant information to assess the quality of its study programmes.

HGUt must submit updated documentation that meets all formal requirements by 12 December 2025, after which a new periodic review by NOKUT will take place.

Innhald

1 Om tilsynet ved Høgskulen for grøn utvikling.....	6
2 Om HGUt og organiseringa av kvalitetsarbeidet	7
2.1 Høgskulen for grøn utvikling.....	7
2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet.....	8
3 Vurderingar og konklusjonar for dei einskilde krava	14
3.1 Universitets- og høgskulelova.....	14
3.2 Studiekvalitetsforskrifta.....	20
3.3 Studietilsynsforskrifta	22
4 Komiteen sin samla konklusjon	33
5 Vedlegg til komiteen si innstilling	36
6 HGUt si fråsegn til den sakkunnige innstillinga.....	37

1 Om tilsynet ved Høgskulen for grøn utvikling

Den 15. september 2023 bad NOKUT Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) om å sende inn dokumentasjon på korleis kvalitetsarbeidet ved institusjonen oppfyller alle krava til kvalitetsarbeid i lova og forskriftene. HGUt sende inn dokumentasjon til NOKUT 4. januar 2024¹. På grunnlag av NOKUT sin gjennomgang av den tilsende dokumentasjonen bad NOKUT om supplerande originalkjelder frå høgskulen sitt kvalitetsarbeid. HGUt sende inn den supplerande dokumentasjonen 18. mars 2024, same dagen som studentorganet ved høgskulen sende si uttale om kvalitetsarbeidet.

NOKUT gjennomførte digitalt institusjonsbesøk ved høgskulen 6. og 7. juni 2024. Den sakkunnige komiteen intervjuar rektor, administrativt tilsett, studentar med og utan tillitsvern, dei fagleg tilsette, to eksterne sensorar og representantar frå høgskulestyret.

Vurderingane til den sakkunnige komiteen er baserte på dokumentasjon frå institusjonen og samtaler under institusjonsbesøket. Oversikt over den skriftlege dokumentasjonen er tilgjengeleg i elnnsyn – offentleg elektronisk postjournal.

¹ HGUt rakk ikkje fristen, som var 15. desember 2023.

2 Om HGUt og organiseringa av kvalitetsarbeidet

2.1 Høgskulen for grøn utvikling

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) er ein privat høgskule som held til på Bryne i Rogaland. Historia til høgskulen starta med etableringa av Høgskulen på Jæren i 2001, som i 2002 fekk godkjenning frå departementet for to årseiningar som tidlegare blei tilbodne med andre høgskular som eksamensansvarlege. Høgskulen skifta namn til Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) i 2012. HGUt er finansiert gjennom inntekter frå oppdrag innan FoU-verksemda, skulepengar frå studentane og statstilskot.

Fram til årsskiftet 2019/20 var høgskulen organisert som eit samvirke med om lag hundre andelseigarar og med årsmøtet som øvste organ. På grunn av krav i universitets- og høgskulelova om at private universitet og høgskular skal vere aksjeselskap eller stiftingar, men òg for å sikre sjølvstende og akademisk fridom i forskings- og utdanningsarbeidet, endra høgskulen både organisasjonsform og namn til Høgskulen for grøn utvikling – stiftelse, med verknad frå 1. januar 2020. Høgskulen sitt øvste organ er no høgskulestyret. Rektor har styrt den daglege drifta både før og etter organisasjonsendringa.

I 2005 fekk høgskulen akkreditert tre årseiningar av NOKUT, og på grunnlag av desse årseiningane gav Kunnskapsdepartementet i 2010 høgskulen rett til å tildele bachelorgrad. Bachelorprogrammet heitte først *bachelor i bygdeutvikling*, men har sidan endra namn til *bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling* og deretter til *bachelor i nyskaping og regenerativ utvikling* (frå januar 2020). I tillegg til bachelorprogrammet tilbyr høgskulen ulike enkeltemne som òg inngår i bachelorprogrammet, på 30 og 60 studiepoeng. Høgskulen tilbyr òg kortare emne på 10 studiepoeng på bestilling.

Våren 2024 hadde HGUt i underkant av 30 registrerte studentar og fem tilsette: rektor, éin administrativt tilsett og tre som er tilsette i faglege stillingar. Undervisinga er samlingsbasert, og studentane kan velje mellom fysisk deltaking på studiestaden og digital deltaking via Teams, noko som gjer studietilbodet tilgjengeleg for studentar frå heile landet. Utdanninga kan gjennomførast på heiltid eller deltid.

HGUt og NOKUT

NOKUT har tidlegare evaluert høgskulen sitt kvalitetssystem. I oktober 2008 vedtok styret i NOKUT at systemet for kvalitetssikring ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar ikkje kunne godkjennast. Etter ny evaluering godkjende NOKUT systemet i februar 2010. I evalueringa som gjekk føre seg i 2016, fekk høgskulen vesentlege manglar og eitt år på seg til vidareutvikling. NOKUT-styret vedtok at når dokumentasjonen kom inn, skulle NOKUT sette i verk tilsyn med institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid i tråd med dei på det tidspunktet (2017) gjeldande krava. I 2019/20 var høgskulen difor gjennom eit fullt tilsyn etter ny studietilsynsforordning av 2017, i staden for å få evaluert oppretting av manglane i kvalitetssystemet etter regelverket som gjaldt i 2016. Komiteen fann enkelte manglar, og NOKUT sitt styre vedtok i juni 2019 at Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling fekk opprettingsfrist til 1. mars 2020. Ved vurdering av dokumentasjon på oppretting i 2020 fann

komiteen at høgskulen ikkje hadde retta opp manglane i det systematiske kvalitetsarbeidet, og NOKUT sitt styre konkluderte med at det systematiske kvalitetsarbeidet ikkje var tilfredsstillande.

Som høgskule utan institusjonsakkreditering kan ikkje HGUt sjølv akkreditere nye studietilbod eller gjere vesentlege endringar i eksisterande studietilbod. HGUt må søke NOKUT om akkreditering av nye studietilbod og om godkjenning av vesentlege endringar i eksisterande studietilbod. Så lenge kvalitetsarbeidet ikkje er godkjent av NOKUT, kan ikkje høgskulen søke om akkreditering av nye studietilbod.

I 2013 gjennomførte NOKUT revideringar av *bachelor i bygdeutvikling* og av årseininga *husdyrproduksjon*. I rapporten konkluderer NOKUT med at studietilbodet *bachelor i bygdeutvikling* oppfyller krava i forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgere utdanning.

I 2016 søkte høgskulen om akkreditering av ein fellesgrad på masternivå saman med Riga Technical University og Charles University Prague. Søknaden blei administrativt avvist fordi han ikkje hadde nok dokumentasjon til at sakkunnige kunne gjere ei vurdering. Høgskulen fekk grundige tilbakemeldingar og rettleiing for enkelte av krava, og NOKUT gav høgskulen varsel om søknadskarantene. Året etter søkte høgskulen om akkreditering av den same fellesgraden, men også den søknaden blei administrativt avvist, sidan høgskulen ikkje hadde retta opp i manglane i søknaden frå 2016. Samstundes fekk høgskulen søknadskarantene på seks månader.

I 2016 søkte høgskulen òg om akkreditering som høgskule. Søknaden blei administrativt avvist av NOKUT, sidan høgskulen ikkje oppfylte kravet i universitets- og høgskulelova om at eit styre skal vere ansvarleg for verksemda. Ved søknad om institusjonsakkreditering gjeld universitets- og høgskulelova over lov om samvirkeforetak, og årsmøtet kan ikkje vere øvste organ for ein høgskule.

2.2 Organiseringa av kvalitetsarbeidet

Kvalitetssystemet

HGUt si skildring av kvalitetssystemet blei utarbeida vinteren 2023/24. Ifølgje HGUt er systemet levande og dynamisk og stadig i utvikling. Det er gjort greie for fire interne styringsdokument: strategidokument, kvalitetshandbok, årsrapport og årshjul. Systemet skal sikre at høgskulen arbeider med kvalitetssikring av utdanninga på ein systematisk måte, og bidra til kunnskapsdeling, forankring og medverknad blant tilsette og studentar.


Systemskildringa skal klargjere måla, retninga og rammene for kvalitetsarbeidet ved høgskulen og er delt inn i fem kapittel, der hovuddelane er skildringar av

- oppbygginga av systemet, med eksterne og interne krav til kvalitetsarbeidet
- roller, rutinar og ansvar
- kvalitetsområde
- evaluering, utval og rapportering

HGUT summerer opp høgskulen sine mål for kvalitetsarbeidet i følgjande punkt:

- sikre og vidareutvikle utdanning av høg kvalitet
- sikre arbeidslivs- og samfunnsrelevant utdanning
- sikre eit godt læringsmiljø (studentane sitt fysiske, psykiske og sosiale miljø)
- avdekkje eventuelle manglar og/eller svikt i kvaliteten, og ha tydeleg definerte rutinar for eventuell oppretting
- tydelege ansvarsområde, roller og oppgaver

Det følgjer av systemskildringa at det praktiske kvalitetsarbeidet er delt inn i tre fasar, som illustrert i figur 1:



Figur 1. Dei tre fasane i kvalitetsarbeidet ved HGUT

I tråd med figur 1 skal all informasjon høgskulen hentar inn, på gjennomgang i dei ulike utvala, som føreslår tiltak og ansvarsfordeling for oppfølging. Alle møte i utvala skal referatførast og rapporterast til styret gjennom den årlege årsrapporten for kvalitet i utdanninga, som er hovuddokumentet i kvalitetsrapporteringa ved HGUT. Rapporten vert presentert for høgskulestyret etter kvart studieår og skal gje ei oversikt over kvalitetsarbeidet ved høgskulen. Rapporten skal innehalde følgjande:

- strategi, visjon, mål og verdier for høgskulen
- skildring av kvalitetssystemet
- nøkkeltal
- skildring av utval
- tiltak som har vorte handsama i styret
- studentevalueringar
- rapport frå undersøking blant uteksaminerte kandidatar
- skildring av forskingsaktivitet og korleis aktive prosjekt sikrar fagleg relevans og innhald i studia
- faglege nettverk
- overordna vurdering av kvalitetsarbeidet for gjeldande studieår
- rapport og vurdering frå komité for periodisk evaluering

Ifølgje systemskildringa skal alle tilsette ved høgskulen delta aktivt i kvalitetsarbeidet for å sikre kvalitet i utdanninga. Dei vitenskapleg tilsette har eit ansvar for å halde seg oppdaterte innanfor sitt fagområde, for å drive forskning og utvikling og for å levere forskingsbasert undervising av høg kvalitet. Samstundes vert dei tilsette oppfordra til å bidra til eit motiverande og stimulerande arbeidsmiljø.

Det er forventa at studentane tar ansvar for eiga læring og deltek aktivt i utvikling og forbetring av læringsmiljøet og studia, mellom anna i studentevalueringane som inngår i kvalitetssystemet.

Kvalitetsområde

Høgskulen har definert følgjande sju kvalitetsområde for å sikre studentane sitt læringsutbytte:

Inntakskvalitet viser til kvaliteten på kompetansen til søkjarane og deira motivasjon for studia. For å sikre inntakskvalitet skal HGUT tilby tilgjengeleg, oppdatert og relevant informasjon om studietilboda. Høgskulen legg òg vekt på å legge til rette for effektiv rettleiing og oppfølging i søknadsprosessen, ved opptak og ved studiestart, inkludert ei god mottaking av nye studentar for rask integrering i læringsmiljøet. HGUT ønskjer at studentane skal kjenne seg inkluderte i det sosiale fellesskapet og komme raskt i gang med faglege aktivitetar. Gode rutinar og system for marknadsføring og opptak skal bidra til god inntakskvalitet. Resultata av inntakskvaliteten vert rapporterte til styret gjennom «Årsrapport for kvalitet i utdanninga».

Studiekvalitet legg vekt på kvaliteten i studietilboda. Studieplanane skal vere oppdaterte, og det skal vere ein tydeleg samanheng mellom definerte læringsmål og læringsutbytteskildringar, undervising og vurdering. Studieplanane skal støtte opp om overordna strategi og visjon for høgskulen. Regelmessige evalueringar av studietilbod og enkeltemne skal sikre studiekvaliteten og relevansen av innhaldet i læringsutbyttet. Resultat frå evalueringane skal brukast til å vidareutvikle studia og identifisere eventuelle manglar og avvik. Studieplanane skal oppdaterast ved behov. Fagleg tilsette, administrasjonen og studentane skal bidra til utviklinga av studiekvaliteten. Eksterne

aktørar frå arbeidslivet blir involverte gjennom periodiske evalueringar. Fagansvarlege har ansvaret for å sikre kvalitet og utvikling innan sitt fagområde, mens studieprogramansvarleg har det overordna ansvaret for å sikre kvalitet og utvikling i bachelorprogrammet. Studieprogramansvarleg skal òg sikre at det er god samanheng mellom enkelema, og at dei er oppdaterte og relevante for læringsutbytteskildringane i studieplanen for bachelorprogrammet.

Rammekvalitet omfattar nødvendige ressursar (økonomiske, organisatoriske, IKT- og bibliotektenester) og regelverk som er nødvendige for å oppretthalde eit gunstig fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for både studentar og tilsette. HGUt skal sørge for at rammevilkåra for studentar og tilsette er optimale, og at det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet er tilfredsstillande.

Undervisingskvalitet viser til kvaliteten på aktivitetar knytte til studentane si læring og legg vekt på kvaliteten i tilrettelegginga av undervisning og læringsaktivitetar. Fagmiljøet skal ha høg fagleg og pedagogisk kompetanse, halde seg oppdaterte på sitt fagfelt og kontinuerleg vidareutvikle kompetansen. Kvaliteten i undervisninga skal styrkast gjennom relevant FoU-arbeid og samarbeid med arbeidslivet. Eit positivt samspel mellom dei fagleg tilsette og studentane skal fremje motivasjonen til studentane og dermed forbetre læringa. Undervisninga skal vere basert på relevant forskning og kunnskap. Kunnskap produsert av tilsette ved høgskulen skal vere del av pensum og undervisning der det er mogleg. Integreert digital undervisning er òg ein naturleg del av kvalitetsområdet. Gode og effektive rutinar for tilbakemelding, vurdering, rettleiing og oppfølging av studentar skal sikre at dei får nødvendig kunnskap for å oppå læringsmåla.

Tilsettcompetanse skal sikre kontinuerleg utvikling av dei fagleg tilsette sin kompetanse. Undervisninga ved HGUt er tett knytt til pågåande forskings- og utviklingsprosjekt, og det er essensielt for dei fagleg tilsette å forbetre sin kompetanse. Det inneber ikkje berre å halde seg oppdatert på den nyaste forskinga og metodologien innan fagområdet, men òg å integrere innsikta i undervisningspraksisen. Fagleg tilsette skal delta aktivt i utviklinga i fagområdet, mellom anna gjennom å delta i forskingsprosjekt og på konferansar og å samarbeide med andre fagfolk på og utanfor høgskulen. Ved å halde seg oppdatert på ny kunnskap og nye metodar kan den faglege staben sikre at studentane får tilgang til undervisning som er i fronten av fagleg kompetanse og relevans.

Samfunnsrelevans skal sikre at utdanninga er dynamisk og relevant opp mot samfunn og arbeidsliv, i tråd med strategien og visjonen til høgskulen. HGUt ønskjer at studentane skal få evner til å betrakte dei sosiale, kulturelle og naturlege ressursane rundt seg med nyskapande blikk. Studentane skal lære at samfunn og kultur kan endrast i grønar retning gjennom medviten planlegging og handling. Målet er å gi studentane ferdigheiter og perspektiv som gjer dei i stand til å vere aktive pådrivarar i sine egne lokalsamfunn, livssituasjonar og miljø. Eit nøkkelaspekt ved kvalitetsområdet er å integrere prinsippa frå strategien og visjonen til høgskulen og dermed sikre at utdanninga reflekterer og støttar opp om dei overordna måla og verdigrunnlaget. Det kan skje gjennom jamleg evaluering og

tilpassing av læreplanar og undervisningsmetodar for å adressere dei skiftande behova i samfunnet og i arbeidslivet.

Eksamenskvalitet er retta mot å sikre at studentane realiserer dei forventede læringsmåla i studieplanane. Høgskulen skal støtte studentane i å oppnå læringsutbyttet ved å legge til rette for ei læringsoppleving som inspirerer til vekst og prestasjon. Det gjeld ikkje berre akademiske ferdigheiter, men òg personleg og fagleg utvikling. For å oppnå det arbeider høgskulen med å etablere gode rutinar for å informere studentane om høgskulen sine evalueringsformer og eksamensprosedyrar. Klare retningslinjer og tydeleg kommunikasjon om forventningane legg grunnlaget for at studentane kan forberede seg grundig, og dermed auke sjansane for vellykka gjennomføring.

Ifølgje systemskildringa skal svipt i eit kvalitetsområde meldast til administrasjonen slik at nødvendige utbetringstiltak kan setjast i verk.

Aktørane sine oppgåver

Styret er høgskulen sitt øvste organ og har det overordna ansvaret for kvalitetssystemet. HGUT rapporterer til styret om kvalitetsarbeidet i «Årsrapport for kvalitet i utdanninga».

Rektor har det overordna ansvaret for den daglege drifta av høgskulen og for utviklinga av kvalitetssystemet. I samarbeid med den administrativt tilsette er rektor ansvarleg for at systemet fungerer som tiltenkt. Rektor har ei nøkkelrolle når det gjeld å sikre kvaliteten i høgskulen sine studietilbod, mellom anna å sørge for nødvendige tiltak for oppfølging og oppretting.

Administrativt tilsett har, saman med rektor, det overordna ansvaret for den praktiske gjennomføringa av kvalitetsarbeidet. Administrativt tilsett har òg ansvar for å sikre at årshjulet for kvalitetsarbeidet vert følgt, og for rapportering, dokumentering og oppfølging. Administrativt tilsett skal drifte og vedlikehalde systemet og må sikre at systemet opererer i samsvar med fastsette mål. Dette inkluderer å legge til rette for at kvalitetsarbeid og evaluering vert gjennomført, og at resultatane vert rapporterte til styret.

Programansvarleg har ansvar for planlegging, koordinering, evaluering og vidareutvikling av bachelorprogrammet.

Emneansvarlege har ansvar for planlegging, koordinering, evaluering og kvalitetsutvikling av emne. Emneansvarleg skal òg bidra til programevalueringa.

Faglærar har ansvar for at undervisninga er forskingsbasert, for rettleiing og for oppfølging. Faglærar skal òg bidra til evaluering av studieprogram og emne.

Studentrådsleiar er studentane sin representant i høgskulestyret og andre utval.

Tillitsvald er studentane sitt bindeledd mellom klassa og administrasjonen.

Råd og utval

Studentrådet skal vere eit bindeledd mellom studentane og høgskulen sin faglege og administrative leiing samt mellom studentar og læringsmiljøutvalet. Rådet skal komme med innspel på organisering av studia og ulike forhold på studiestaden. Studentrådet er studentane sitt organ for å fremje saker som gjeld studia, og for å bidra til eit godt sosialt miljø blant studentane.

Læringsmiljøutvalet (LMU) har ansvar for oppfølging av læringsmiljøet og skal bidra til sikring av studiekvaliteten.

Studieutvalet (STUT) skal mellom anna kontrollere sjekklister for enkelemerne/studieprogram og sjå til at studieplanane er i samsvar med krava i studietilsynsforskrifta. LMU og STUT skal rapportere til styret gjennom «Årsrapport for kvalitet i utdanninga».

Utval for kompetanse, administrasjon, læring og vurdering (KALV) består av alle dei tilsette ved høgskulen. Faste postar for møta er studium og studentar, akkvisisjon og aktive prosjekt.

Kunnskapsutvalet (KU) består av alle dei tilsette ved høgskulen og skal diskutere overordna retning for utdanning og forskning.

3 Vurderingar og konklusjonar for dei einskilde krava

3.1 Universitets- og høgskulelova

Kvalitetssikring

§ 3-5 (1) Universiteter og høyskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for å sikre og videreutvikle utdanningskvaliteten. Studentevalueringer skal inngå i dette systemet.

Vurdering

Kvalitetssystemet

Ifølgje framstillinga som HGUt har lagt fram for tilsynet, har det formelle kvalitetsarbeidet ved høgskulen inntil nyleg vore sentrert rundt dokumenta kvalitetshandboka, som er tilgjengeleg på høgskulen sine nettsider, og årsrapporten om kvalitet i utdanninga. I framstillinga står det òg at ein del av kvalitetsarbeidet ved høgskulen før endringa i organisasjonsforma gjekk føre seg munnleg og uformelt. Sidan det førre NOKUT-tilsynet i 2019/20, der den sakkunnige komiteen etter ei tid med oppretting konkluderte med at kvalitetsarbeidet ved HGUt hadde vesentlege manglar, har høgskulen jobba meir aktivt med kvalitetssystemet. Mellom anna har HGUt oppdatert sjølve systemet og andre styringsdokument og i større grad formalisert og dokumentert kvalitetsarbeidet.

Kvalitetssystemet til HGUt er altså nyleg revidert i samband med tilsynet. Ifølgje dokumentasjonen arbeider HGUt òg med å oppdatere og utbetre kvalitetshandboka. Systemskilddringa skal vere eit eige, separat dokument, og kvalitetshandboka ein meir generell handbok etter endringane. Handboka skal vere eit levande dokument som skal oppdaterast jamleg, og ho inneheld mellom anna ei skilddring av kvalitetssystemet, rutinar for oppdatering og arkivering av handboka, oversikt over organisering og mandat for dei ulike utvala, stillingsskilddringar for administrative oppgåver, HMS-prosedyrar og studieadministrative rutinar. Vidare inneheld handboka eit årshjul som viser ulike aktivitetar i det systematiske kvalitetsarbeidet til HGUt. Systemskilddringa inneheld mellom anna høgskulen sine mål for kvalitetsarbeidet, skilddringar av roller og ansvar i kvalitetsarbeidet, av dei kvalitetsområda høgskulen har definert for kvalitetsarbeidet, av evalueringa og rapporteringa som går føre seg ved høgskulen, og ein presentasjon av dei ulike utvala.

Årsrapporten om kvalitet i utdanninga er sentral for rapporteringa ved høgskulen og vert lagt fram for høgskulestyret i byrjinga av kvart studieår. Hensikten med rapporten er å forankre kvalitetsarbeidet i styret og gi ein oversikt over tiltak og utvikling av studiekvaliteten ved høgskulen. Rapporten gjeld for førre studieår og skal brukast som eit verktøy for kontinuerleg å utvikle høgskulen til å bli ein leiande aktør og formidlar på feltet nyskaping og regenerativ utvikling. Ei oppsummering av resultatata frå studentevalueringa

som vert gjennomført kvar vår, inngår i rapporten. Sjå meir i komiteen sine vurderingar under studietilsynsforskrifta § 4-1 (4).

Komiteen meiner at HGUt sitt kvalitetssystem, slik det kjem fram i systemskildringa med årshjul og skildringar av prosesser, roller og ansvar, inneheld alle nødvendige komponentar for å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanninga. Dei sakkunnige spør seg likevel om i kva mon HGUt nyttar dei formelle strukturane i det faktiske kvalitetsarbeidet. Til dømes har komiteen merka seg at mange av utvala har hatt få eller ingen møte dei siste åra. Det får komiteen til å spørje seg om utvalsstrukturen er unødvendig omfattande for HGUt, med sine i alt fem tilsette og om lag 30 studentar. Det kom også fram under institusjonsbesøket at dei tilsette opplever det som litt kunstig å skulle fylle fleire roller på same tid.

Handlingsrommet alle høgare utdanningsinstitusjonar har til å utforme eit kvalitetssystem som er tilpassa storleik og eigenart ved den enkelte institusjonen, var eit tema komiteen tok opp med leiinga under institusjonsbesøket. Komiteen rår HGUt til å gjennomgå utvalsstrukturen og vurdere om det er føremålstenleg med så mange formelle møtepunkt, eller om det snarare ville vere betre med færre møtepunkt der fleire tema vert tekne opp. Når det er sagt, må HGUt sikre at LMU, som er eit lovpålagt organ, er operativt, og at høgskulen sitt arbeid med læringsmiljøet vert dokumentert. Sjå meir under komiteen sine vurderingar av universitets- og høgskulelova § 10-1 (3). Komiteen spør seg om mandata til dei ulike utvala per i dag ikkje er heilt tydelege, og rår høgskulen til å formulere klare og forstålege mandat for dei ulike utvala, uavhengig av kor mange utval HGUt endar opp med å ha.

HGUt er ein liten høgskule med få tilsette som arbeider tett saman, og komiteen meiner det er naturleg at mykje av kvalitetsutviklinga i utdanninga går føre seg uformelt. Under institusjonsbesøket fekk komiteen bekrefta at dei tilsette snakkar saman dagleg, og at det er låg terskel for studentane å ta kontakt med dei tilsette viss det er noko dei vil ta opp. Komiteen meiner det er bra at høgskulen tar tak i tilbakemeldingar frå studentane fortløpande og løyser utfordringar raskt, men tilstrekkeleg dokumentasjon av kvalitetsarbeidet er viktig for den institusjonelle hukommelsen og skal mellom anna bidra til å minske sårbarheita om nøkkelpersonar sluttar i sine stillingar. Komiteen understrekar at det forskriftsfesta kravet til tilstrekkeleg dokumentasjon av kvalitetsarbeidet først og fremst er til for institusjonane sjølve, og ikkje for NOKUT.

Komiteen rår HGUt til å arbeide vidare med balansen mellom formelt og uformelt kvalitetsarbeid, og til å vurdere korleis kvalitetsarbeidet, gjennom til dømes det som kjem fram i kvalitetsrapporten, kan bidra til vidareutvikling av studietilboda. Når HGUt får på plass rutinar for periodiske evalueringar og systematisk kontroll av studietilbodet, vil det kunne bidra til at høgskulen i større grad ser kvalitetsarbeidet og kvalitetsutviklinga opp mot heile programmet, i staden for enkeltemna/årseiningane. Sjå meir om periodisk evaluering og systematisk kontroll av studietilbod under komiteen sine vurderingar av studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (3).

Det har vore krevjande for komiteen å sjå korleis HGUt nyttar kvalitetsområda høgskulen har definert i kvalitetssystemet, i det praktiske kvalitetsarbeidet. Til dømes er det ikkje heilt

enkelt å få øye på koplinga mellom kvalitetsområda og høgskulen sin bruk av spørjeskjema til studentane. I framstillinga skriv HGUt at malen for årsrapporten om studiekvalitet skal oppdaterast, slik at informasjon og analyser vert betre tilpassa høgskulen sine kvalitetsmål for utdanninga. Komiteen støttar HGUt i at kvalitetsrapporten bør bli meir analytisk og mindre deskriptiv. Komiteen rår HGUt til å strukturere årsrapporten rundt kvalitetsområda og gjere eksplisitte vurderingar som er baserte på funn og erfaringar frå undersøkingar, møte og det uformelle kvalitetsarbeidet.

Studentevalueringar

Studentevalueringar inngår i HGUt sitt kvalitetssystem. I mai/juni sender høgskulen ut ei elektronisk spørjeundersøking på e-post til alle studentane, som ein del av sluttevalueringa av emna. Resultata frå undersøkinga vert sende til studentrådet, LMU og STUT i form av ein rapport frå administrasjonen, og eit samandrag vert sendt til styret gjennom årsrapporten om kvalitet i utdanninga. Ifølgje systemskildringa kan studentevalueringar ved behov gjennomførast undervegs i studieåret. Komiteen vurderer studentevalueringane meir utfyllande under studietilsynsforskrifta § 4-1 (4).

Oppsummering

Sjølv om komiteen gir HGUt råd om mellom anna å revurdere talet på utval i kvalitetssystemet og om å dokumentere meir av kvalitetsarbeidet i årsrapporten, vurderer dei sakkunnige at høgskulen oppfyller minstekrava i universitets- og høgskulelova § 3-5 (1).

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 3-5 (1) er oppfylte.

Læringsmiljø

§ 10-1 (3) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå i institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 3-5.

Vurdering

Føresegna i § 10-1 tredje ledd må sjåast i lys av heile kapittel 10 i universitets- og høgskulelova, som mellom anna slår fast at institusjonen, med styret som øvste instans, har ansvaret for at læringsmiljøet er fullt ut forsvarleg. Spesifikt inneber krava i tredje ledd at arbeidet med læringsmiljø skal inngå som ein del av institusjonen sitt kvalitetssystem, og at arbeidet med læringsmiljø skal vere integrert i kvalitetsarbeidet på ein føremålstenleg måte. Vidare skal arbeidet med læringsmiljø dokumenterast skriftleg.

Læringsmiljø inngår i kvalitetsområdet «rammekvalitet» i HGUt sitt kvalitetssystem, sjølv om skildringa viser til «fysisk og psykososialt arbeidsmiljø for både studenter og ansatte» (vår kursivering). HGUt har òg formulert åtte strategiske mål for læringsmiljøet i strategiplanen: 1) styrke integreringa i læringsmiljøet og det sosiale fellesskapet, 2) oppmuntre og legge til rett for involvering i prosjekt der det er mogeleg, 3) styrke kvaliteten i undervisinga gjennom relevant FoU-arbeid og samarbeid med næringslivet, 4) bidra til at studentane realiserer forventa læringsmål som skildra i studieplanane, 5) støtte studentane i å oppnå optimale resultat og minimere avstanden mellom forventa og faktisk læringsutbytte, 6) legge til rette for tett oppfølging og god dialog med studentane, 7) legge til rette for studentmedverknad for å skape eit inkluderande læringsmiljø og 8) dyrke nysgjerrigdom i læringsmiljøet for å fremje ein kultur av utforskning og kreativitet som bidreg til å skape engasjerte og reflekterte studentar og endringsaktørar. Komiteen meiner at HGUt bør tilpasse måla for læringsmiljøet til særtekka ved høgskulen, slik at måla står fram som mindre generiske. Når det gjeld oppfølginga av måla, er der vanskeleg å sjå korleis arbeidet går føre seg, grunna lite skriftleg dokumentasjon og tynn rapportering på læringsmiljø i årsrapporten. Med meir spissa mål vil det truleg bli lettare å følgje opp måla og å vurdere i kva grad måla er nådde.

I framstillinga HGUt har lagt fram for tilsynet, står det at arbeidet med læringsmiljø ved høgskulen vert dokumentert gjennom referat frå personalmøte, møte i dei ulike utvala og sjekklistar. Det vert ikkje utarbeida eigne rapportar for LMU, og HGUt har dokumentert innkalling med sakliste og referat for eitt møte i LMU, som fann stad i februar 2024. Det kjem fram av innkallinga og referatet at førre LMU-møte var i august 2020. Det kjem òg fram i kvalitetsrapportane for studieåra 2021/22 og 2022/23, som har gått til høgskulestyret, at det ikkje blei gjennomført møte i LMU i løpet av dei to studieåra. I kvalitetsrapportane går det likevel fram at høgskulen har sett ned medlemmar til LMU. Komiteen noterer seg at LMU i begge studieåra har fleire oppnemnde representantar for høgskulen enn for studentane, og minner om at læringsmiljøutval skal ha like mange representantar for kvar av dei to gruppene, jf. universitets- og høgskulelova § 10-10 (3). Det same gjeld innkallinga til LMU-møtet i februar 2024, der tre studentar og seks tilsette er

kalla inn. Sjølv om det i praksis ikkje møter fleire tilsette enn studentar, må samansetjinga av utvalet vere i tråd med kravet i lova.

HGUT har felles studentombod med Universitetet i Stavanger. Komiteen har ikkje sett noko i dokumentasjonen som tydar på at HGUT har ordningar for anonym varsling.

Komiteen har vanskeleg for å sjå at arbeidet med læringsmiljøet ved HGUT vert dokumentert på ein systematisk måte, sjølv om det finst nokre eksempel i referata frå møta i KALV. Med unntak av det eine møtet i LMU i februar 2024 har det ikkje vore møte i LMU dei siste studieåra, og difor har HGUT ikkje sendt inn fleire enn eitt møtereferat frå LMU. LMU utarbeider heller ikkje eigne rapportar. Læringsmiljø er eitt av temaa i sluttevalueringa frå studentane, og komiteen finn spor av dokumentasjon av læringsmiljø i årsrapporten om kvalitet i utdanninga frå 2022/23, i form av ei deskriptiv oppsummering av temaet frå sluttevalueringa: «Læringsmiljøet vurderes som *middels bra* i SU1/SU2 og som *lite bra* i RL/NY1. Kommentarer til læringsmiljøet er at det er så få studenter» (HGUT si kursivering). I årsrapportane finn komiteen òg tal som meir indirekte seier noko om læringsmiljøet, som fråfall og statistikk frå sluttevalueringane. Komiteen saknar analytiske refleksjonar rundt slike resultat frå høgskulen si side.

Det er vanskeleg å få tak på kva for ambisjonar HGUT har for det psykososiale læringsmiljøet. Under institusjonsbesøket merka komiteen seg at høgskulen er oppteken av forholdet mellom fysisk oppmøte og digital deltaking i undervisinga, og at det er eit problem at så mange studentar ikkje møter fysisk. Sidan nesten all undervising ved høgskulen i praksis går føre seg digitalt, meiner komiteen at HGUT bør formulere og følgje opp mål for å styrke det digitale læringsmiljøet, når det gjeld korleis studentane samhandlar med kvarandre og dei tilsette, men òg når det gjeld den digitale kompetansen til dei tilsette.

Komiteen ser ikkje bort frå at HGUT diskuterer læringsmiljø og tiltak for forbetringar munnleg og uformelt, men minner om det lovfesta kravet om at slikt arbeid skal dokumenterast, og at dokumentasjonen skal sikre den institusjonelle hukommelsen til høgskulen og minske sårbarheita. I systemskildringa står det at «LMU skal rapportere til styret minst én gang i året gjennom *Årsrapport for kvalitet i utdanningen*» (HGUT si kursivering), men komiteen kan ikkje finne slik rapportering i dei to årsrapportane som høgskulen har sendt inn som dokumentasjon for tilsynet.

Av referatet frå det eine LMU-møtet komiteen har sett, går det fram at det er krevjande for HGUT å gjennomføre sosiale tiltak for studentane når dei er spreidde over heile landet. Under institusjonsbesøket kunne leiinga opplyse om at det er svært varierende kor engasjerte studentane er frå år til år, og at arbeidet med læringsmiljøet frå studentane si side difor er sårbart for svingingar i studentgruppa, noko komiteen ikkje har problem med å forstå.

Sjølv om HGUT kan vurdere å slå saman nokre av utvala ved høgskulen, er LMU eit utval som alle høgare utdanningsinstitusjonar må ha, og dei fleste institusjonar finn det mest føremålstenleg å ha eit LMU som ikkje har andre oppgåver og mandat enn det som gjeld

læringsmiljø. Under institusjonsbesøket møtte komiteen studentar både med og utan tillitsverv som var godt informerte om arbeidet med læringsmiljøet ved høgskulen, og leiinga forklarte også at studentane i inneverande studieår var svært engasjerte, til forskjell frå studentane i dei føregåande åra. Av referatet frå LMU-møtet kjem det fram at høgskulen er oppriktig interessert i å høyre kva studentane meiner, og det er tydeleg at studentrepresentantane hadde tatt oppdraget sitt og snakka med studentgruppa før møtet. I uttala frå studentorganet les komiteen at det sosiale miljøet blant studentane er lite og godt, at det vert sett av tid til innspel frå studentane på samlingar, og at det generelt vert lagt opp til medverknad og dialog. To grep for å betre læringsmiljøet som studentane er godt nøgde med, er praksisturane og digitale kollokviegrupper. Praksisturane er fysiske samlingar ute i felten der studentane får møtt kvarandre og lærarar, lært gjennom praksis og diskutert faglege spørsmål med kvarandre. Det kom fram under institusjonsbesøket at studenttillitsvalde hadde arrangert møte med studentgruppa og fortald om kva dei hadde snakka om i LMU-møtet i februar 2024.

Komiteen rår HGUT til å nytte LMU som ein arena for arbeidet med læringsmiljø og understrekar at det ikkje berre er studentane si oppgåve å engasjere seg i læringsmiljøet. Slik det ser ut, er utviklinga den siste tida ein god start for å få opp engasjementet blant studentane. Eit viktig steg å ta for å systematisere arbeidet med læringsmiljøet som ein integrert del av kvalitetsarbeidet vil vere å definere kva eit godt læringsmiljø vil seie i HGUT sin kontekst. Under institusjonsbesøket fekk komiteen vite at administrasjonen har starta med å arkivføre alle tilbakemeldingar frå studentane. Det er eit positivt første steg mot på tilfredsstillande vis å dokumentere arbeidet med mellom anna læringsmiljøet.

Ansvar og oppgåver for roller og utval når det gjeld læringsmiljø, er skildra i kvalitetssystemet og i årsrapportane, men komiteen kan ikkje sjå at det faktiske arbeidet med læringsmiljøet vert dokumentert på ein tilfredsstillande måte. HGUT må dokumentere det arbeidet som vert gjort, som tilbakemeldingar/innspel, oppfølging og tiltak som gjeld læringsmiljøet ved høgskulen.

Konklusjon

Krava i universitets- og høgskulelova § 10-1 (3) er ikkje oppfylte.

3.2 Studiekvalitetsforskrifta

Periodiske evalueringar

§ 2-1 (2) Institusjonene skal gjennomføre periodiske evalueringer av studietilbudene sine. Representanter fra arbeids- eller samfunnsliv, studenter og eksterne sakkyndige som er relevante for studietilbudet, skal bidra i evalueringene. Evalueringresultatene skal være offentlige.

Vurdering

Periodiske evalueringar inngår i HGUt si skildring av kvalitetssystemet og i kvalitetshandboka på høgskulen si nettside. Der står det at høgskulen er i gang med å få på plass ein komité som skal ha følgjande samansetning:

- ein representant frå offentleg sektor
- ein representant frå privat sektor
- ein tidlegare student
- ein representant frå ein annan utdanningsinstitusjon

HGUt skal kalle inn komiteen til møte kvart tredje år. Høgskulen grunnir hyppigheita med at utviklingskunnskap står sentralt i utdanninga. I forkant av møta skal representantane i komiteen for periodisk evaluering få følgjande dokument:

- informasjon om høgskulen (særtrekk, visjon, mål og utdanningsstrategi)
- studieplanar for alle enkeltkurs
- studieplan for bachelorprogrammet
- kommentarar frå leiinga

Ifølgje systemskildringa skal komiteen bli beden om å vurdere innhald, læringsutbytte og mål «i forhold til oppgaver og fremtidig behov i egen sektor/virksomhet». Komiteen skal utarbeide ei samla vurdering av studietilbudet i ein rapport med fokusområda trendar i arbeidsmarknaden og framtidige kunnskapsbehov. Rapporten skal handsamast i KALV, i STUT og i KU før vurderingane går til høgskulestyret gjennom årsrapporten om kvalitet i utdanninga. Ansvar for oppfølging av eventuelle endringar i studietilbudet på bakgrunn av periodisk evaluering skal konkretiserast og følgjast opp i relevante utval.

Komiteen meiner at retningslinjene for periodisk evaluering står fram som nokså overordna, og råder HGUt til å vidareutvikle dei, til dømes med ein mal for rapporten. Dei sakkunnige bit seg merke i at det ikkje skal sitte aktive studentar i komiteen for periodisk evaluering. Det er òg uklart om det er den same komiteen som skal stå for evalueringa kvar gong, det vil seie kvart tredje år. Om det er den same komiteen som skal stå for vurderingane kvar gong, vil den tidlegare studenten si erfaring som student vere mindre og mindre fersk etter kvart som åra går.

HGUT har så langt ikkje gjennomført nokon periodisk evaluering, men er i gang med å sette ned komiteen som skal vurdere studietilbodet i den første evalueringa. HGUT skriv at høgskulen var i gang med å sette ned ein komité før endringa av namn og profil, men at den opphavlege komiteen ikkje lenger passa inn etter endringa. Det er over fire år sidan endringane, og komiteen ser svært alvorleg på at høgskulen har venta i så mange år med å sette i gang med periodisk evaluering av studietilbodet. Kravet om periodisk evaluering av studietilbod har vore gjeldande sidan 2017.

For å oppfylle kravet må HGUT vise at høgskulen har gjennomført minst éin periodisk evaluering. Slik komiteen ser det, vil periodisk evaluering vere eit viktig ledd i å samle inn informasjon frå eksterne, både fagfellar frå andre utdanningsinstitusjonar og representantar frå arbeids- og samfunnslivet. Komiteen meiner at HGUT bør nytte dei periodiske evalueringane til å hente inn eksterne og kritiske røyster for å vidareutvikle kvaliteten i studietilboda. Høgskulen kan vurdere om det er føremålstenleg å la den eksterne komiteen kontrollere enkelte eller alle krava til akkreditering av studietilbod gjennom den periodiske evalueringa. Sjå meir under komiteen sine vurderingar av studietilsynsforskrifta § 4-1 (3).

Konklusjon

Krava i studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) er ikkje oppfylte.

3.3 Studietilsynsforokrifra

Strategi og kvalitetsområde

§ 4-1 (1) Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.

Vurdering

I NOKUT si rettleiing står det at kvalitetsarbeidet skal utførast med forankring i ein strategi som viser mål og retning for kvalitetsarbeidet. Det betyr ikkje at kvalitetsarbeidet må vere forankra i institusjonen sine overordna strategidokument. Strategien for kvalitetsarbeidet kan òg inngå i andre strategiske dokument, som til dømes kvalitetssystemet.

I systemskildringa til HGUT står det at høgskulen skal ha ein strategi med tydeleg definerte mål på utdanningsområdet. Høgskulen skriv i si framstilling av kvalitetsarbeidet at HGUT no har fått på plass ein strategiplan som skulle bli lagt fram for styret i år. Komiteen har ikkje sett dokumentasjon på kven som har vedteke strategiplanen, eller når planen vart vedteken. Planen inneheld formuleringar om visjon og verdiar knytt til slagordet «Kunnskap for utvikling». Høgskulen vil vere ein endringsagent som er kunnskapsleverandør for nyskapande og livskraftige regionar. Vidare er det eit mål å vere tilgjengeleg for studentar frå heile Noreg, og under institusjonsbesøket vart det peika på at høgskulen kunne hatt sine kontor kvar som helst i landet.

Komiteen har merka seg at måla og visjonane i den nye strategiplanen er formulerte noko annleis enn dei som står i årsrapportane til styret. I begge tilfelle er formuleringane lite eigna til å vise retning både for høgskulen si totale verksemd og for utdanninga.

Komiteen vurderer også dei strategiske måla som er sette for både organisasjonen, utdanninga, forskinga og utviklinga samt for læringsmiljøet, som nokså overordna og lite eigna til å sette retning. Følgjande punkt er nedfelte under utdanning:

- kontinuerlig utvikling av fagansattes kompetanse innen forskning og utvikling på høyskolens satsingsfelt
- fortsette med forskning og utvikling innenfor temaene regenerativ utvikling, lokalsamfunnsutvikling og involvering, både nasjonalt og internasjonalt
- styrke og videreutvikle forskingsmiljøets fagkunnskap om det naturnære fremtidslandbruket
- være et viktig og aktivt kunnskapsmiljø for lokalsamfunnsutvikling og regenerativ utvikling i Norge
- fortsette å ha en tett sammenheng mellom forskning og utdanning
- legge til rette for at alle forelesere er aktivt involvert i prosjektarbeid
- involvere studenter i prosjektarbeid der dette er mulig

Desse kulepunkta er etter komiteen si vurdering meir å rekne som ei liste over sjølvagte aktivitetar i eit utdanningsløp som må vere på plass for å drive og utvikle eit forskingsbasert

studietilbod, enn som punkt å strekkje seg etter. Kulepunkta viser ikkje retning for høgskulen si vidareutvikling, og dei er ikkje formulerte på ein måte som gjer det mogleg å vurdere i etterkant om måla for utdanning er nådde.

Dei sju kvalitetsområda som er definerte i systemskildringa, er inntakskvalitet, studiekvalitet, rammekvalitet, undervisingskvalitet, tilsettkompetanse, samfunnrelevans og eksamenskvalitet. Svikt i kvalitetsområda skal meldast til administrasjonen, men dei er ikkje kopla til vurderinga av kvalitet i årsrapporten eller til strategiplanen.

Komiteen sitt inntrykk av kvalitetsområda, slik dei er gjort greie for i systemskildringa, er at dei er generiske og gjeld for alle høgskular. Det konkrete innhaldet står fram som sjølvsegte utsegn om å arbeide for å sikre høg kvalitet i utdanning og forskning, og formuleringane under dei ulike områda er lite eigna som retningslinjer for utdanningsverksemda ved HGUT.

Eitt unntak er området «samfunnsrelevans», der det kjem tydeleg fram i systemskildringa kva dette betyr for HGUT. Studentane skal lære at samfunn og kultur kan endrast i grønar retning gjennom medviten planlegging og handling. Målet er å gi studentane ferdigheiter og perspektiv som gjer dei i stand til å vere aktive pådrivarar i sine eigne lokalsamfunn, livssituasjonar og miljø. Eit nøkkelaspekt ved kvalitetsområdet er å integrere prinsippa frå strategien og visjonen til høgskulen og dermed sikre at utdanninga reflekterer og støttar opp om dei overordna måla og verdigrunnlaget.

Kvalitetsområda skal fungere som retningslinjer for jamleg evaluering og forbetring av utdanningskvaliteten, men i årsrapportane brukar ikkje HGUT desse områda i vurderinga av kvaliteten i utdanninga, heller ikkje når det gjeld samfunnsrelevansen. Under institusjonsbesøket uttrykte dei fagleg tilsette at det ikkje var heilt tydeleg for dei korleis dei skulle arbeide med kvalitetsområda og reflektere rundt dei.

Statistikk i årsrapportane til styret over utviklinga i studenttal viser at studenttalet har gått betydeleg ned dei siste åra. Komiteen har inntrykk av at dei tilsette ved høgskulen er opptekne av at studenttalet må auke for å sikre eit godt læringsmiljø. Under institusjonsbesøket kunne dei tilsette fortelje at HGUT gjer mange tiltak for å betre rekrutteringa til høgskulen, og dei trakk fram korleis høgskulen har lagt til rette for fleksible studieløp, slik at studentar frå heile landet kan følgje undervisinga.

Det går fram av både referat frå styremøte og samtaler komiteen hadde med styremedlemmane under institusjonsbesøket, at også styret meiner det er viktig å betre rekrutteringa. Styremedlemmane er også opptekne av å rekruttere fleire tilsette og meiner det er naudsynt for å kunne ta imot fleire studentar.

Komiteen meiner at fleire studentar er strategisk viktig også utover det å sikre kvaliteten på studentane sitt læringsutbyte. Dersom høgskulen sin overordna visjon er å vere ein endringsagent, må talet på studentar bety noko for å kunne oppnå visjonen. HGUT har marknaden for regenerativ samfunnsutvikling nesten åleine, og høgskulen bør kunne utnytte det betre enn tilfellet er i dag. Høgskulen er ikkje lenger knytt til lokale andelseigarar og står no friare til å marknadsføre seg som ein høgskule med eit nasjonalt og internasjonalt nedslagsfelt. Representantane for styret er også opptekne av at HGUT har ein

unik kompetanse som er viktig og aktuell for dei utfordringane samfunnet står overfor, og meiner at det tilseier at høgskulen må satse på å vekse.

Komiteen vurderer at eit mål om vekst set heilt andre krav til systematikk enn det som no er nedfelt i strategidokumenta og i kunnskapsgrunnlaget for tiltak. Komiteen rår høgskulen til å hente inn dokumentasjon gjennom det systematiske kvalitetsarbeidet som kan nyttast i høgskulen si strategiske utvikling på utdanningsområdet. Da er det viktig at høgskulen formulerer kvalitetsområde som er tilpassa verksemda.

For å oppfylle kravet må HGUt sørgje for betre samanheng mellom kvalitetsarbeidet og strategien til høgskulen, slik at kvalitetsarbeidet er tilpassa høgskulen og spelar på lag om å nå dei strategiske måla. Sjølv om kvalitetsarbeidet skal dekkje alle område som er viktige for studentane sitt læringsutbytte, bør høgskulen kunne trekkje fram nokre kvalitetsområde som er strategisk viktige, og ha tydeleg fokus på desse.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) er ikkje oppfylte.

Forankring og kvalitetskultur

§ 4-1 (2) Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.

Vurdering

Forankring

Forankring av kvalitetsarbeidet handlar om at leinga på ulike nivå ved institusjonen skal vere oppdatert om kvaliteten i studietilboda og dei tiltaka som vert sette i verk for å sikre og vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

Kvalitetsarbeidet ved HGUt er forankra i høgskulestyret. I skildringa av kvalitetssystemet er det nedfelt at årsrapporten om kvalitet i utdanninga vert lagt fram for høgskulestyret i byrjinga av kvart studieår. Hensikten er å forankre kvalitetsarbeidet i styret og gi ein oversikt over tiltak og utvikling av studiekvaliteten ved høgskulen. Referat frå styremøte viser at representantane òg får munnleg orientering frå rektor om mellom anna studia og forskinga som går føre seg ved høgskulen. Under institusjonsbesøket kunne representantane frå styret fortelje at dei følgjer opp rutinane i kvalitetssystemet, og at dei også vert oppdaterte om kvalitetsarbeidet og studiekvaliteten gjennom studentrepresentanten og representanten for dei tilsette. Det kom òg fram at styret har etterspurt dokumentasjon på arbeidet med læringsmiljø og rapportar frå LMU, og at representantane har vore klare på at HGUt må komme i gang med periodisk evaluering. Sjå også komiteen sine vurderingar under universitets- og høgskulelova § 10-1 (3) og studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

HGUt er ein liten høgskule med få tilsette, og kvalitetsarbeidet er naturleg nok forankra på alle nivå i institusjonen. Kvalitetssystemet inneheld rolleskildringar for alle roller og utval ved høgskulen. Rektor har det overordna ansvaret for den daglege drifta, for utviklinga av kvalitetssystemet og for å handtere og følgje opp innrapporterte manglar og svikt. Rektor og administrativt tilsett utgjer den daglege leinga ved høgskulen og har det operative ansvaret for kvalitetssystemet og kvalitetsarbeidet. Det er administrativt tilsett og rektor som utarbeider årsrapporten om kvalitet i utdanninga. Administrativt tilsett har ansvar for at årshjulet vert følgt, for å legge til rette for at evalueringar vert gjennomførte, og for at resultat vert rapporterte til styret. Rektor er programansvarleg for bachelorprogrammet, medan resten av det fast tilsette fagmiljøet fungerer som ansvarlege for dei ulike emna/modulane.

Forankringa blant dei tilsette kjem elles til uttrykk gjennom at alle deltek på alle møte ved høgskulen, og ved at det er tett og hyppig kontakt mellom dei tilsette. I det daglege er kontakten utprega uformell, munnleg og personavhengig, men utvalsstrukturen bidreg til eit minimum av formalisering av kvalitetsarbeidet. Komiteen meiner det er både naturleg og bra at dei tilsette på alle nivå har jamleg og uformell kontakt, men at det er viktig at HGUt også i framtida er medviten om at ein viss grad av formalisering og skriftleggjing av kvalitetsarbeidet er viktig for den institusjonelle hukommelsen og for å minske sårbarheita.

Kvalitetskultur

Å fremje ein kvalitetskultur inneber mellom anna at institusjonen fremjar felles verdiar og normer for høg kvalitet. Det handlar òg om at institusjonen har ein organisasjonsstruktur som legg vekt på inkludering, openheit og medverknad, og at institusjonen legg til rette for kunnskapsdeling om kvalitetsarbeidet og kvaliteten i studietilboda. Studentar og tilsette får vere reelt medverkande i institusjonen sitt arbeid med utvikling og forbetring av utdanninga.

Det kjem fram av dokumentasjonen og av samtalanene under institusjonsbesøket at både styret, dei tilsette og studentane ved HGUt er opptekne av utdanningskvalitet. Komiteen ser at HGUt har ein utprega demokratisk arbeidsmåte der alle får delta og vere med på å ta avgjerder. Styret og leiinga har høg tillit til dei tilsette og til studentane og legg til rette for at kvalitetsutviklinga skal drivast fram gjennom dialog. For studentane er det lav terskel for å ta kontakt med leiinga, fagleg tilsette og administrasjonen når det er noko dei meiner høgskulen må ta tak i.

Utvalsstrukturen legg til rette for formelle møteplassar, men blir i praksis ikkje nytta, slik at brorparten av kvalitetsarbeidet går føre seg uformelt. Komiteen rår HGUt til å gjennomgå utvalsstrukturen og vurdere om det er føremålstenleg med så mange formelle møtepunkt, eller om det snarare ville vere betre med færre møtepunkt der fleire tema vert tekne opp. Færre møtepunkt kan frigjere tid til mellom anna dokumentasjon av kvalitetsarbeidet.

HGUt bør òg arbeide vidare med å formalisere delar av det uformelle kvalitetsarbeidet for å minske sårbarheita i institusjonen. Sjå meir under komiteen sine vurderingar av universitets- og høgskulelova § 3-5 (1).

Studentmedverknad

HGUt har studentrepresentasjon i høgskulestyret, i LMU og i STUT. Komiteen har sett referat frå eit oppstartsmøte mellom studentrådet og administrasjonen i november 2023, der dei studenttillitsvalde fekk informasjon om mellom anna studentrådet sine oppgåver og mandata for LMU og STUT. Studentrådet består av tre tillitsvalde studentar og skal arbeide for studentane sine faglege, økonomiske, kulturelle og sosiale rettar, ønskje og krav. Organet er eit bindeledd mellom studentane og høgskulen og skal ta opp saker studentane melder inn, med leiinga og administrasjonen. Dei studenttillitsvalde som komiteen møtte under institusjonsbesøket, gav inntrykk av å vere godt informerte om kvalitetsarbeidet ved høgskulen.

Oppsummering

Komiteen meiner at både styret, leiinga og dei tilsette ved HGUt er oppdaterte om kvaliteten i studietilboda og dei tiltaka som er sette i verk for å sikre og vidareutvikle kvaliteten. Det er tydeleg at tilsette og studentar har eit felles verdigrunnlag, og at høgskulen legg til rette for medverknad frå både dei tilsette og studentane.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (2) er oppfylte.

Ordningar for systematisk kontroll

§ 4-1 (3) Institusjonen skal ha ordningar for systematisk å kontrollere at alle studietilbud tilfredsstillar kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i denne forskrift.

Vurdering

Å ha ordningar for systematisk kontroll med studietilbod inneber å ha både tilfredsstillande rutinar og tilfredsstillande praksis for gjennomgang av eksisterande studietilbod og for oppretting av nye studietilbod.

HGUt er ikkje akkreditert som institusjon og må søke NOKUT om akkreditering av nye studietilbod og om større endringar av eksisterande studietilbod. Ordningar for akkreditering av nye studietilbod er difor ikkje like relevant for HGUt, men høgskulen må ha slike ordningar på plass før ein eventuell framtidig akkreditering som høgskule. HGUt er sjølv ansvarleg for å kontrollere at eksisterande studietilbod blir drifta og vidareutvikla i medhald av dei relevante krava til akkreditering i studietilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta.

Akkreditering av nye studietilbod

HGUt skriv at det for høgskulen ikkje har vore relevant å ha ordning for systematisk kontroll for utarbeiding av nye studietilbod, men at høgskulen likevel vurderer ei slik ordning.

Kontroll av eksisterande studietilbod og fagmiljø (reakkreditering)

HGUt skriv at periodisk evaluering og høgskulen sine sjekklister er verktøy for å sikre systematisk kontroll og revidering av eksisterande studietilbod. Under institusjonsbesøket blei det opplyst om at sjekklisene framleis er under utvikling etter det førre tilsynet i 2019/20.

Dei sjekklisene for *bachelor i nyskaping og regenerativ utvikling*, for *nyskaping, regenerativ samfunnsutvikling* og for *regenerativt landbruk* som komiteen har fått sjå, inneheld spørsmål om

- studieplanen er i tråd med vilkåra for den akkrediteringa høgskulen har fått
- pensum og undervisning er eigna til å sikre kandidatane sin kompetanse i relasjon til mål for studietilbodet
- korleis studietilbodet er knytt opp til relevant forskning
- korleis eksamens- og vurderingsformene er relevante
- studietilbodet er i tråd med bachelorgraden sitt overordna læringsmål

På kvart av spørsmåla skal fagansvarleg krysse av på «ja» eller «nei» og komme med ein kommentar. Det går fram av referat frå møter at sjekklisene er diskuterte i STUT.

Sjekklisene er til ein viss grad kopla til dei krava til studietilbod og fagmiljø i studietilsynsforskrifta og studiekvalitetsforskrifta som skal vere oppfylte, men dei dekkjer ikkje alle krava, og det føreligg i liten grad noka grunngjeving for kvifor krava blir vurderte til å vere oppfylte.

Dei kortare utdanningane høgskulen tilbyr, inngår også som ein del av bachelorprogrammet. For komiteen er det uklart korleis vurderingar av dei ulike mindre studietilboda heng saman med vurderinga av bachelorprogrammet. Det vart opplyst under institusjonsbesøket at i den prosessen høgskulen er i gang med for å utvikle sjekklister, ville ein sjå på den raude tråden mellom dei enkelte studietilboda og bachelorprogrammet som heilskap.

Brorparten av undervisinga ved HGUT går føre seg digitalt. Når HGUT skal vurdere den utdanningsfaglege kompetansen til dei fagleg tilsette, meiner komiteen at høgskulen må vere ekstra merksam på den digitale kompetansen.

Høgskulen opnar for at enkelte av krava til akkreditering skal vurderast gjennom den periodiske evalueringa med eksterne sakkunnige. Komiteen støttar ei slik tilnærming, da det kan vere kvalitetsdrivande å la andre enn det interne fagmiljøet vurdere til dømes i kva grad studietilboda er fagleg oppdaterte og har tydeleg relevans for vidare studium og arbeidsliv, samt nivået på forskinga til fagmiljøet. I alle høve er det viktig at den systematiske kontrollen er basert på faglege vurderingar. Sjå også komiteen sine vurderingar under studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2).

Oppsummering

For å oppfylle kravet til systematisk kontroll med studietilboda må HGUT få på plass ordningar som sikrar at høgskulen systematisk kontrollerer at studietilboda tilfredsstillir alle relevante krav til akkreditering i studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i studietilsynsforskrifta, og i tillegg dokumentere at høgskulen gjennomfører slik systematisk kontroll i tråd med dei vedtekne ordningane.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) er ikkje oppfylt.

Systematisk innhenting av informasjon

§ 4-1 (4) Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.

Vurdering

Institusjonane skal systematisk hente inn informasjon gjennom kvalitetsarbeidet. Informasjonen skal komme frå relevante kjelder og danne grunnlaget for å gjere kvalifiserte vurderingar av kvaliteten i studietilboda. For å vurdere kva informasjon som bør hentast inn, og frå kva for kjelder, kan det vere nyttig å ta utgangspunkt i strategien for kvalitetsarbeidet og kvalitetsområda. HGUt skriv at høgskulen systematisk hentar inn informasjon for å vurdere kvaliteten i studietilboda. Informasjonen kjem frå DBH, årlege studentevalueringar og sensorrapportar.

Studentevalueringar

Det går fram av systemskildringa at høgskulen for enkeltemne samlar inn relevante data frå studentevalueringar, administrasjonsmøte, sjekklister for emna og evaluering frå ekstern sensor når dette blir nytta. HGUt skriv at programansvarleg samanfattar og drøfter tilbakemeldingane som kjem inn, i samarbeid med emneansvarlege og administrasjonen.

Sluttevaluering blir gjennomført ved hjelp av ei spørjeundersøking gjennom EasyQuest. Resultata frå studentevalueringane blir diskuterte med studentorganet og presenterte for høgskulestyret i årsrapporten for kvalitet i utdanninga. Komiteen har merka seg at det i begge rapportane blir konstatert at dei fleste studentane er nøgde med alle aspekt av utdanninga. Komiteen rår HGUt til å legge an ein meir analytisk tilnærming til desse resultata i årsrapporten.

Svarprosenten på dei skriftlege evalueringane er låg. Det kan henge saman med at høgskulen er liten og kvalitetsarbeidet i hovudsak uformelt, slik at studentane heile tida har moglegheit for å komme med innspel til forbetringar, både under samlingar og elles. Studentane komiteen møtte under institusjonsbesøket, opplyste om at høgskulen ofte justerer forhold studentane tek opp, og om at dei generelt er nøgde med det faglege innhaldet og kvaliteten på utdanninga. Det kjem også fram av referatet frå LMU at studentane har foreslått å gjennomføre ei kvalitativ evaluering tidlegare i studieløpet (midtvegsevalueringar), og under intervju blei det stadfesta at studentane opplevde å ha fått gjennomslag for dette ønsket. Under institusjonsbesøket fekk komiteen også vite at den administrativt tilsette har byrja å arkivere innspel frå studentane etter kvart som dei kjem inn.

Nøkkeltal

Dei nøkkeltala som høgskulen samlar inn frå DBH, er framstilte i årsrapportane om kvalitet i utdanninga. Tala frå studieåret 2021/22 viser ei betydeleg nedgang i studenttalet, og talet på studentar gjekk ytterlegare ned i studieåret 2022/23. Det blir konstatert at det i 2021/22 ikkje hadde vore noko fråfall på første året i bachelorutdanninga, og det same blir gjenteke i rapporten for 2022/23.

Sensorrapportar

Dei sensorrapportane komiteen har fått sjå, inneheld vurderingar av dei einskilde kandidatane og seier lite om innhaldet i studietilboda. Dei sensorane komiteen møtte under institusjonsbesøket, meinte at dei hadde moglegheit for å komme med tilbakemeldingar både skriftleg og munnleg.

Komiteen si vurdering er at dei skriftlege tilbakemeldingane som sensorane gir, i liten grad bringer inn eit eksternt blikk på utdanningsverksemda ved HGUt. Høgskulen er ikkje kommen i gang med periodisk evaluering og har heller ikkje andre ordningar for systematisk å samle inn tilbakemeldingar frå eksterne.

Det kom fram under institusjonsbesøket at dei tilsette, og særleg rektor, deltek i mange relevante nettverk og får kritiske tilbakemeldingar der. Komiteen rår HGUt til å sjå på korleis høgskulen kan få til ei ordning med systematiske tilbakemeldingar også frå dei nettverka som resten av fagmiljøet deltek i, og at desse tilbakemeldingane vert dokumenterte. Ein måte å dokumentere innspel på kan vere å nedfelle dei i referat frå diskusjonar i KALV, der det brukar å gå fram av referata kva faglege fora og prosjekt dei einskilde tilsette har vore med i.

Oppsummering

For å oppfylle kravet må HGUt systematisere informasjonsinnhentinga frå eksterne kjelder, og særleg frå eksterne fagfellar og representantar frå arbeids- og samfunnslivet. Når periodisk evaluering blir igangsett ved høgskulen, vil dette også bli ei kjelde for systematisk innhenting av informasjon.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (4) er ikkje oppfylt.

Bruk av kunnskap frå kvalitetsarbeidet

§ 4-1 (5) Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukes til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innen rimelig tid.

Vurdering

I systemskildringa til HGUt står det at kunnskapen frå kvalitetsarbeidet skal nyttast til å forbetre og vidareutvikle kvaliteten i studietilboda, og at analysar av innsamla informasjon skal bidra til å identifisere potensielle område for forbetring. Eventuell kvalitetssvikt skal rettast opp raskt.

Komiteen har inntrykk av at HGUt ofte rettar opp i forhold som bør forbeistrast, utan at det blir dokumentert gjennom kvalitetsarbeidet. Komiteen ser også døme på at forhold som er avdekka gjennom det formelle systemet, er handsama i aktuelle fora, og at det på grunnlag av diskusjonane er sett i gang tiltak.

Eitt døme på endringar som kjem fram i referatet frå LMU-møtet i februar 2024, og som også blei trekt fram under intervjuet, er at på grunn av at engelsk kan vere vanskeleg som undervisningsspråk, har det blitt utarbeida skriftlege oppsummeringar på norsk. Eit anna døme er at HGUt har byrja med å gi tydeleg beskjed om kva for pensum studentane bør lese for å førebu seg til samlingane. Sidan studentane har uttrykt at dei ønskjer moglegheit for å gi meir kvalitative tilbakemeldingar i evalueringane, har høgskulen bestemt å legge til rette for det i framtidige skjema.

Komiteen har merka seg at det i årsrapporten om kvalitet i utdanninga gjennomgåande blir slått fast at dei fleste studentane er nøgde med det meste. Samtalar med studentar under institusjonsbesøket stadfester det, og studentane kunne også komme med døme på forhold dei hadde meldt inn, og som høgskulen hadde tatt tak i. Under institusjonsbesøket fekk komiteen også vite at som ein tommelfingerregel måtte minst to studentar gje same tilbakemelding om forhold dei ikkje var nøgde med, før høgskulen agerte.

Komiteen si vurdering er at HGUt brukar kunnskap, som primært kjem frå studentane, til å utvikle kvaliteten og rette opp sviktande kvalitet. Difor vurderer komiteen at høgskulen oppfyller minstekrava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (5).

Dei sakkunnige rår høgskulen til i større grad å bruke tilbakemeldingar frå eksterne kjelder, og særleg eksterne fagfellar frå andre utdanningsinstitusjonar, som grunnlag for kvalitetsutvikling. Slik komiteen ser det, vil høgskulen få innspel frå slike eksterne kjelder gjennom dei periodiske evalueringane. Sjå også komiteen sine vurderingar av studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2). Komiteen rår òg HGUt til å framstille resultatane som vert trekte fram i årsrapporten til styret, meir analytisk og mindre deskriptivt.

Konklusjon

Krava i studietilsynsforskrifta § 4-1 (5) er oppfylte.

Vurdering og utvikling av studieporteføljen

§ 4-1 (6) Resultater fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieportefølje.

Vurdering

Kravet slår fast at institusjonen må bruke resultat frå kvalitetsarbeidet ved strategisk utvikling av studieporteføljen. Det inneber på generelt grunnlag at ved vurderingar av kva for studietilbod institusjonen skal opprette, tilby eller legge ned, skal prosessane vere opplyste av resultat frå det systematiske kvalitetsarbeidet ved institusjonen og ikkje vere styrte berre av til dømes økonomiske faktorar eller konkurranse med andre institusjonar. Det er viktig å merke seg at det ikkje er krav om at institusjonane *skal* foreta vurdering og strategisk utvikling av den samla studieporteføljen, men *dersom* dei gjer det, så skal resultat frå kvalitetsarbeidet vere ein del av grunnlaget for avgjerder om den vidare utviklinga.

HGUt har ein liten portefølje som består av eitt bachelorprogram og mindre modular som inngår i bachelorprogrammet, men som òg fungerer som enkeltstående studietilbod. Sidan HGUt berre har eitt bachelorprogram, og sidan dei kortare studietilboda òg inngår i bachelorprogrammet, er utviklinga av bachelorprogrammet og utviklinga av profilen til høgskulen nærast to sider av same sak.

Komiteen har ikkje sett teikn til strategisk utvikling av porteføljen ved HGUt. Sidan kravet berre slår inn dersom institusjonen driv med vurdering og strategisk utvikling av den samla porteføljen, vurderer komiteen at kravet er oppfylt. For at HGUt skal kunne søke NOKUT om akkreditering av fleire studietilbod i framtida, må alle krava til systematisk kvalitetsarbeid og kvalitetssystem vere tilfredsstillande oppfylte.

Konklusjon

Kravet i studietilsynsforskrifta § 4-1 (6) er oppfylt.

4 Komiteen sin samla konklusjon

Konklusjon

Det systematiske kvalitetsarbeidet ved Høgskulen for grøn utvikling har vesentlege manglar. Følgjande krav er ikkje oppfylte: universitets- og høgskulelova § 10-1 (3), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta § 4-1 (1), § 4-1 (3) og § 4-1 (4). Institusjonen må gjennomføre tiltak for at dei sakkunnige skal ha tillit til at institusjonen sitt systematiske kvalitetsarbeid sikrar og vidareutviklar utdanningskvaliteten.

Komiteen sine kommentarar til konklusjonen

Komiteen vil takke HGUt for dokumentasjonen høgskulen har lagt fram i samband med tilsynet, og for interessante samtalar under institusjonsbesøket. Under samtalane møtte komiteen engasjerte tilsette og studentar som snakka varmt om utdanninga og høgskulen.

Når komiteen konkluderer med at det systematiske kvalitetsarbeidet ved HGUt har vesentlege manglar, er det ikkje det same som å seie at utdanningskvaliteten ved høgskulen ikkje er god. Det er tydeleg at både studentar og tilsette ved HGUt er nøgde, at HGUt er god på uformelt og studentnært kvalitetsarbeid, og at studentstemma står sentralt i kvalitetsarbeidet. Kvalitetsarbeidet er forankra i institusjonen, og arbeidsmodellen ved høgskulen er utprega demokratisk.

Konklusjonen om at det systematiske kvalitetsarbeidet har vesentlege manglar, handlar snarare om at HGUt, som alle andre høgare utdanningsinstitusjonar i Noreg, har både nasjonale og internasjonale krav som må følgjast for at omverda skal ha tillit til utdanninga høgskulen tilbyr. Vidare skal krava hjelpe institusjonane til å minske sårbarheita og sikre den institusjonelle hukommelsen. Sjølv om alle institusjonane må tilfredsstille minstekrav til systematisk kvalitetsarbeid, står dei fritt til å utforme eit kvalitetssystem og til å drive eit kvalitetsarbeid som er tilpassa storleik og eigenart, noko som òg vert trekt fram i samtalane under institusjonsbesøket. Som komiteen har understreka fleire gonger i innstillinga, står kvalitetssystemet til HGUt fram som for omfattande og lite føremålstenleg for ein institusjon med fem tilsette og om lag 30 studentar. Resultatet er mellom anna ein møtestruktur som ikkje vert brukt, prosessar som ikkje vert gjennomførte, og rapportering som ikkje vert gjort. Komiteen har inga problem med å forstå at kvalitetssystemet står fram som overveldande for høgskulen. Difor rår dei sakkunnige HGUt til å forenkla systemet, med færre prosessar og færre møtepunkt. Dei sakkunnige meiner det bør la seg gjere utan ein for omfattande omstillingsprosess.

Arbeidet med læringsmiljø inngår i HGUt sitt kvalitetssystem, men høgskulen må sikre tilstrekkeleg dokumentasjon av arbeidet med læringsmiljø. Komiteen meiner det vil vere enklare å gjere om høgskulen skil tydelegare på føresetnadene for og resultatet av eit godt læringsmiljø.

HGUt må sikre systematisk innhenting frå relevante, eksterne kjelder for å kunne vurdere kvaliteten i utdanninga. Eitt ledd i den informasjonsinnhentinga kan vere periodisk

evaluering. Slik komiteen ser det, vil høgskulen dra nytte av å hente inn og bruke informasjon frå fleire kritiske røyster som ein del av kvalitetsutviklinga.

Komiteen meiner det er på høg tid at HGUt setter i gang arbeidet med periodisk evaluering av studietilboda. Slik evaluering med deltaking av eksterne fagfellar, studentar og representantar frå arbeids- og samfunnsliv er ein kjerneaktivitet innan høgare utdanning. Kravet til periodisk evaluering har vore gjeldande sidan 2017, og komiteen meiner HGUt må setje i gang med arbeidet.

HGUt kan gjerne innlemme delar av den systematiske kontrollen med krav til akkreditering av studietilbod i dei periodiske evalueringane. Samstundes må den systematiske kontrollen sikre at studietilboda til kvar tid tilfredsstillir alle krava til akkreditering.

Komiteen ser at høgskulen har eit viktig samfunnsoppdrag som den einaste innan sitt fagfelt. Når høgskulen har ambisjonar om å være ein leiande aktør innan regenerativ utvikling, meiner komiteen det er rart at høgskulen ikkje har større ambisjonar om vekst og tilsynelatande vel ikkje å ta krava om systematisk kvalitetsarbeid på alvor. HGUt må formulere strategiske mål som er tilpassa institusjonen, kople kvalitetsområda til måla og bruke dei i det daglege arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten i utdanninga.

Til slutt vil komiteen minne om at minstekrava til kvalitetsarbeid gjeld for alle høgare utdanningsinstitusjonar, uavhengig av storleik og særtrekk, og dersom høgskulen framleis ønskjer å tilby høgare utdanning, er det viktig at HGUt tek eit aktivt val om å prioritere kvalitetsarbeidet.

Krav til oppretting

- **universitets- og høgskulelova § 10-1 (3) Læringsmiljø**
HGUt må dokumentere høgskulen sitt arbeid med læringsmiljøet, som innspel som kjem inn frå studentane, tiltak og oppfølging av tiltak.
- **studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) Periodiske evalueringar**
HGUt må vise til praksis for gjennomførte periodiske evalueringar av studietilboda, i tråd med forskriftskravet.
- **studietilsynsforskrifta § 4-1 (1) Strategi og kvalitetsområde**
HGUt må sørgje for ein tydelegare strategisk forankring av kvalitetsarbeidet, slik at kvalitetsarbeidet blir eit middel for å oppnå dei strategiske måla, og for at alle område av betydning for studentane sitt læringsutbytte er dekkja av kvalitetsarbeidet.
- **studietilsynsforskrifta § 4-1 (3) Systematisk kontroll**
HGUt må få på plass ordningar som sikrar at institusjonen systematisk kontrollerer at studietilboda tilfredsstillir alle relevante krav i studiekvalitetsforskrifta § 3-1 til § 3-3 og kapittel 2 i studietilsynsforskrifta. Høgskulen må òg dokumentere at institusjonen gjennomfører slik systematisk kontroll i tråd med dei vedtekte ordningane.

- **studietilsynsforskrifta § 4-1 (4) Systematisk innhenting av informasjon**
HGUt må systematisere informasjonsinnhentinga frå eksterne kjelder, og særleg frå eksterne fagfellar og representantar frå arbeidslivet, slik at høgskulen får tilstrekkeleg relevant informasjon for å kunne vurdere kvaliteten i studietilboda.

I kapittel 5 gir komiteen HGUt råd om vidare utvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet. Alle desse råda går ut over minstekrava i lova og forskriftene.

5 Vedlegg til komiteen si innstilling

Råd til vidareutvikling av det systematiske kvalitetsarbeidet

I tillegg til å vurdere om kvalitetsarbeidet oppfyller krava i universitets- og høgskulelova § 3-5 (1) og § 10-1 (3), studiekvalitetsforskrifta § 2-1 (2) og studietilsynsforskrifta kapittel 4, ligg det i komiteen sitt mandat å gi råd om vidareutvikling av kvalitetsarbeidet ved institusjonen.

Den sakkunnige komiteen vil gi følgjande råd til Høgskulen for grøn utvikling:

- Komiteen rår HGUt til å forenkla kvalitetssystemet slik at det blir meir tilpassa høgskulen si verksemd. Som eit ledd i forenklinga bør HGUt gjennomgå utvalsstrukturen og vurdere om det er føremålstenleg med så mange formelle møtepunkt, eller om det heller ville vere betre med færre møtepunkt der fleire tema vert tekne opp. HGUt bør formulere klare og forståelege mandat for dei ulike utvala. Det må komme tydeleg fram kva for saker som gjeld studentane sitt læringsmiljø.
- HGUt bør òg arbeide vidare med balansen mellom formelt og uformelt kvalitetsarbeid og vurdere korleis kvalitetsarbeidet, gjennom til dømes det som kjem fram i kvalitetsrapporten, kan bidra til vidareutvikling av studietilboda.
- Komiteen rår HGUt til å strukturere årsrapporten rundt kvalitetsområda og gjere eksplisitte vurderingar som er baserte på funn og erfaringar frå undersøkingar, møte og det uformelle kvalitetsarbeidet.
- HGUt bør definere kva eit godt læringsmiljø vil seie i HGUt sin kontekst, og nytte LMU som ein arena for arbeidet med læringsmiljø.
- HGUt bør nytte dei periodiske evalueringane til å hente inn eksterne blikk på studietilbodet. Dei eksterne blikka kan gjerne komme frå røyster som ikkje har tette band til HGUt. Kritiske røyster er viktige for å drive fram kvalitetsutviklinga i utdanninga. Komiteen meiner at retningslinjene for periodisk evaluering står fram som nokså overordna, og rår HGUt til å vidareutvikle dei, til dømes med ein mal for rapporten.
- Komiteen rår høgskulen til å hente inn dokumentasjon gjennom det systematiske kvalitetsarbeidet som kan nyttast til høgskulen si strategiske utvikling på utdanningsområdet. Da er det viktig at høgskulen formulerer strategiske mål og kvalitetsområde som er tilpassa verksemda.
- Sidan nesten all undervising ved høgskulen går føre seg digitalt, meiner komiteen at HGUt bør formulere og følgje opp mål for å styrke det digitale læringsmiljøet, når det gjeld korleis studentane samhandlar med kvarandre og dei tilsette, men òg når det gjeld den digitale kompetansen til dei tilsette.

6 HGUt si fråsegn til den sakkunnige innstillinga

Her er Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) sitt offentlege tilsvar til NOKUT-rapporten om kvalitetsarbeidet ved høgskulen vår.

Om det positive med rapporten og om korleis HGUt følgjer og har følgd den opp

Høgskulen for grøn utvikling (HGUt) vil med dette takka utvalet for ein omfattande rapport med mange gode innspel og råd til korleis det formelle kvalitetssikringssystemet ved den vesle høgskulen vår kan styrkast. Me må vedgå at me har slite litt med å forstå kva formelle grep me lyt gjera for å få systemet godkjent, og me set pris på at rapporten er tydeleg og konkret når det gjeld dette.

Me vil og beklaga at me ikkje kom i mål med alle dei formelle krava innanfor tidsfristane i denne tilsynsrunden.

Samtidig vil me opplysa om at arbeidet har halde fram med full styrke etter utvalet si digitale vitjing, og alle dei manglane rapporten peikar på er anten retta opp, i ferde med å bli retta opp, eller vil bli retta opp i løpet av komande halvår. Me har og teke til oss fleire av dei tilrådingar rapporten kjem med. Her er nokre av endringane etter komiteen si vitjing:

- Kvalitetshandboka har vore gjennom totalrenovering. Dette arbeidet er snart ferdig, og den nye utgåva skal leggjast fram for eit av dei komande styremøta.
- Ny rapporteringsmal, bygd opp rundt kvalitetssikringssystemet, blei vedtatt på siste styremøte i september.
- Strategi for kvalitetsarbeidet blei vedteken av dei tilsette på siste internmøte. Her er talet på utval og kvalitetsområde kraftig redusert, slik rapporten tilrår, og dei utvala me sit att med er kopla til tema som er særleg viktige for HGUt.
- Ein ny, digital mal for sjekklister er i ferd med å koma på plass. Denne skal sikra at studieemne og program blir jamleg evaluerte i forhold til akkrediteringsgrunnlag og alle relevante krav i lover og forskrifter.
- Tilsvarande er me også i gang med å utvikla ny, digital modell for studieevaluering. Denne modellen vil gje studentane høve til å evaluera kvar samling, og resultat vil bli tilgjengelege for forelesar og programansvarleg med ein gong. Me trur denne modellen vil gje større engasjement og deltaking enn det me oppnår med dagens halvårlege eller årlege spørjeundersøkingmodell.
- Dei digitale løysingane, inkludert datainnsamlingsappar og resultatata dei genererer, blir samla i eit eige, nyoppretta KvalitetsarbeidsTeams. Her vil også alle relevante dokument liggja. Alle tilsette vil ha tilgang.
- Arbeidet med å setja saman komiteen som skal gjennomføra periodisk, ekstern evaluering tok til i vår og held fram no i haust. Målet er å gjennomføra evalueringa komande vinter og vår.

Me trur utvalsrapporten ville sett annleis ut om den digitale vitjinga hadde vore gjennomført no, og det overordna målet vårt er pr. no at alt skal vera på plass og alle manglar oppretta for sommaren 2025.

Om det problematiske med rapporten og om eit kritisk viktig spørsmål som utvalet aldri stilte

Samtidig er det og sider ved rapporten me finn problematiske. Våre innvendingar handlar alle om konklusjonsdelen av rapporten.

Den første innvendinga er mindre og handlar om ein noko «uventa» konklusjon. På side 33 i rapporten finn me følgjande tekst: «[K]omiteen [meiner] det er rart at høgskulen ikkje har større ambisjonar om vekst». Me er litt usikre på korleis me skal relatera oss til dette? Me har gjeve tydeleg uttrykk for at vår prioritet er å bli endå betre på og styrka kvaliteten i det me alt gjer, og det er ei målsetjing me arbeider vedvarande med å nå. «Vekst» i form av fleire program er ikkje på vår prioriteringslister no, og me ser heller ikkje korleis vurdering av våre framtidsplanar for noverande eller eventuelle nye studieprogram er del av utvalet sitt mandat?

Vår andre innvending er langt meir alvorleg. På side 32 skriv utvalet at HGUt «tilsynelatande vel ikkje å ta krava om systematisk kvalitetsarbeid på alvor». Denne utsegna reagerer me sterkt på, og me ser ikkje korleis utvalet på noko vis finn dekning for å kunna påstå noko slikt. Det vert heller ikkje lagt fram noko form for prov. At ein i det heile nyttar slik kategorisk språkbruk er lite profesjonelt og etter vårt syn på grensa til (om ikkje over grensa til) krenkande.

På side 33 finn me ei liknande formulering som også framstår som ganske ovanfrå og ned. Her heiter det at «dersom høgskulen framleis ønskjer å tilby høgare utdanning, er det viktig at HGUt tek eit aktivt val om å prioritere kvalitetsarbeidet».

Me kan her og no avvise den første påstanden som fullstendig usann. Me tek det systematiske kvalitetsarbeid på *stort* alvor. Me kan og stadfesta at me gjennom våre snart 20 år har vist veldig tydeleg at me ikkje har noko høgare ønskje enn å tilby høgare utdanning med særsk høg kvalitet. Det er dette me brann for i går, brenn for i dag og vil brenna for i morgon. Det er ingen «dersom» her.

Setningane over indikerer tydeleg at utvalet ikkje heilt har nådd under huden på høgskulen vår. Truleg handlar dette om det særsk viktige spørsmål som evalueringsutvalet aldri stilte verken under den digitale vitjinga eller i den skriftlege rapporten, og det er *kvifor* me har slite med å få dette på plass innan fristen og *kvifor* me endå ikkje har gjennomført ei periodisk, ekstern evaluering?

At dette heilt naturlege spørsmålet aldri kom opp verken gjennom denne eller førre prosess synest me er merkeleg, for sjølv om forskriftskrava framstår som absolutte, så lyt dei likevel oppfyllast innanfor ein kontekst. Og den konteksten er ganske annleis for ein liten, eigar- og sponsorlaus privat aktør med eitt spissa studieprogram, 4 - 5 tilsette og ein stad mellom 20 og 40 studentar, enn det den er for dei aller fleste andre aktørar i det norske landskapet for høgare utdanning.

Ein høgskule, stor eller liten, har mange daglege og jamlege arbeidsoppgåver, i periodar veldig mange. I vårt tilfelle må desse oppgåvene fordelast på særskilde personar. Me har ikkje høve til å sektoriserer eller oppretta eigne avdelingar med særlege ansvar. Vår einaste reinte administrative tilsette har tittelen «administrativ mangesyslar» fordi ho i praksis gjer «alt» frå økonomistyring, via studentkontakt og rekruttering til rapportering, formelt kvalitetssikringsarbeid, osv. Rektor er rektor, med dei administrative oppgåver som ligg til stillinga, men er også forskar, forelesar og ekstern formidlar på full tid. Våre andre faglege tilsette har fulle undervisningsstillingar, men også stort akkvisisjonsansvar og ansvar for å følgja opp prosjekt både fagleg og administrativt.

Slik er det, og slik vil me og at det skal vera. Men det seier seg og sjølv at med dette utgangspunktet er offentlege pålegg, tilsyn og/eller nye/endra krav særleg ressursmessig krevjande. I dei åra me har halde på, har slike krav blitt både langt fleire og langt meir omfattande. Den lovpålagde organisasjonsendringa me gjennomførte og landa like før utbrøtet av pandemien (frå samvirkeselskap til stifting) var særskilde krevjande og kostbar for oss. Heile organisasjonen måtte i roynnda leggjast om. Dette arbeidet held framleis fram. I den same perioden har me gått gjennom ein pandemi + to offentlege tilsyn knytt til formell kvalitetssikring. Framleis med berre dei same personane.

Oppe i dette er det to botnliner me aldri verken vil eller kan gå på akkord med:

Den første er den reelle utdanningskvaliteten ut til studentane. Dette har vore og vil alltid vera vår prioritet nummer ein. Me set pris på at utvalsrapporten så tydeleg stadfestar at den reelle kvaliteten i det me tilbyr er god. På side 32 skriv utvalet følgjande: «Når komiteen konkluderer med at det systematiske kvalitetsarbeidet ved HGUt har vesentlege manglar, er det ikkje det same som å seie at utdanningskvaliteten ved høgskulen ikkje er god. Det er tydeleg at både studentar og tilsette ved HGUt er nøgde, at HGUt er god på uformelt og studentnært kvalitetsarbeid, og at studentstemma står sentralt i kvalitetsarbeidet. Kvalitetsarbeidet er forankra i institusjonen, og arbeidsmodellen ved høgskulen er utprega demokratisk».

Den andre er økonomien som held det heile i gang. HGUt er inne på lista over private høgare utdanningsinstitusjonar med statstilskott, men summen me får blei sett midt på 2000-talet, altså for snart 20 år sidan. Beløpet har ikkje blitt indeksregulert, det er faktisk nett det same som det var den gongen. På den tida var beløpet, pluss litt eigenbetaling frå studentane, meir eller mindre nok til å driva ein høgskule på vårt nivå. Det er det definitivt ikkje i dag. Konsekvensen er at andre inntekter har måtta auka monaleg, og vår overlevingsstrategi nummer ein har vore oppdragsinntekter. I løpet av dei siste ti åra har det vore fleire periodar der dei økonomiske utfordringane har vore betydelege, men kvar gong har me lukkast med å koma oss over kneika gjennom å henta inn nye nasjonale og internasjonale fou-oppdrag.

Desse to botnlinene må alltid vera på plass for at HGUt som institusjon skal kunna eksistera. Uansett kva som skjer må dei prioriterast øvst. Det har også vore tilfelle gjennom dei siste fem særskilde krevjande åra. Når spesielle ting skjer, krev desse botnlinene alle ressursane våre. Våren 2020 var høgskulen på det næraste idar til å gjennomføra vår første periodiske evaluering. Komiteen var på plass, det same var ein leiar frå relevant næringsliv. Så skjedde det noko i mars det året som gjorde at både me og komitémedlemmane fekk anna å tenkja på.

For oss måtte ei lang rekkje prosjekt skyvast på, og omsynet til økonomisk overleving måtte igjen bli prioritet nummer to (reell studiekvalitet er alltid prioritet ein). Me fekk hjelp av auka

studenttilstrøyming under pandemien (inntektene frå studieavgift gjekk opp), men så fall dette talet relativt kraftig att då pandemien var over. Då måtte igjen prosjektarbeidet prioriterast for at høgskulen skulle overleva økonomisk.

Det går ikkje an å forstå HGUt og vårt forhold til pålagde omstillingar utan å forstå denne konteksten. Det følgde ingen økonomiske ressursar med kravet til ny organisasjonsform. Heller ikkje med kravet til periodisk evaluering eller med det ganske omfattande kravet til formelt kvalitetssikringssystem. Dei same fire-fem personane må oppfylle desse krava utan at det går utover dei to botnlinene. Det trengst også eit økonomisk overskott for å lukkast. I organisasjonsendringsprosessen måtte me henta betydeleg betalt bistand utanfrå. Den periodiske evalueringa blir også ganske kostnadskevjangende for oss.

At me likevel no går til desse oppgåvene både med pågangsmot og optimisme skuldast at situasjonen har sett stadig ljósare ut utover i 2024. Organisasjonen er i ein betre økonomisk situasjon enn me har vore i på mange år. Studenttalet har og gått monaleg opp frå 2023. Dette tyder at akkvisisjonsbehovet ikkje er fullt så stort og at interne ressursar kan frigjerast til formelt kvalitetsarbeid. Det neste året skal me arbeida for fullt med dette.

Til slutt: Den eine storleiken som høver til alle finst ikkje på kvalitetssikringsfeltet heller

Så har me ei generell oppmoding til alle som arbeider med å vedta og følgje opp denne typen forskrifter og pålagde omstillingar. Små aktorar er viktige i det høgare utdanningslandskapet. HGUt har eit tydeleg samfunnsoppdrag innanfor regenerativ utvikling. På felt etter felt må samfunnet leggjast om i naturnær retning. Lokalsamfunn må skapast og verdiar produserast utan at dette går på kostnad av naturen rundt oss. Det er større behov for kreative, regenerative nyskapparar enn nokosinne. Det er desse HGUt utdannar. Formelle offentlege krav bør aldri bli så omfattande at dei står i vegen for samfunnsoppdraget. Det tener ingen på.

Gjennom denne og førre prosess har me mange gongar fått høyrd at me må utvikla det kvalitetssikringssystemet som høver til oss. Samtidig har det og blitt stadfesta gong på gong, seinast no i rapporten (s 32 – 33) at krava er dei same for alle institusjonar uavhengig av storleik. Dette går ikkje heilt opp. Ein storleik som passar til alle finst like lite her som på alle andre arenaer. Her er det ein jobb å gjera om ein ønskjer å sikra det framtidige utviklingsrommet for små og spesialiserte institusjonar.

Gjennom snart to tiår er det nettopp systemet som høver til oss me har utvikla og perfektjonert. Dette er eit system tufta på fagfeltet vårt, med uhyre korte avstandar, opne dørar og kort tid frå eit eventuelt problem blir rapportert til det blir løyst. Systemet er optimalt for ein institusjon på vår storleik. Så ser me sjølv sagt at også at eit slikt system med fordel kan formaliserast noko meir, ikkje minst for å sikra institusjonell læring når personar skiftar.

Det gode og treffsikre kvalitetssikringssystemet for små aktorar er endå ikkje utvikla. Me medverkar gjerne med våre erfaringar til eit slikt viktig arbeid.



Onsdag, 11. november 2024 12:31 GMT+1

Dag Jorund Lønning, rektor



DRAMMENSVEIEN 288 | POSTBOKS 578,1327 LYSAKER | T: 21 02 18 00 |